



Kenneth Gundersen
Dalemarka 113
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/596 - 15/10274

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.05.2015

Utsleppsløyve - oppgradering av avlaupsanlegg - gbnr 102/79 Vabø.

Administrativt vedtak. Saknr: 170/15

Tiltakshavar: Kenneth Gundersen
Ansvarleg søker: Stendal VVS AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppgradering av utsleppsløyve for våninghus på gbnr 102/79. Våningshuset, som i dag vert nytta som fritidshus i følge Matrikkelen, har i dag eit eldre utslepp som går til sjø utan reinsing. Det er no søkt om å setja ned slamavskiljar og å forlenga leidningen ut i sjø slik at han vert lagt på 10 meter djupne. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.
Det vert elles vist til søknad mottatt 19.02.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. I tillegg ligg tiltaket innanfor 100-metersbeltet langs sjø og vert råka av byggjeforbodet i pbl § 1-8.

Det er gitt dispensasjon frå pbl § 1-8 i vedtak datert 06.05.2015. Tiltak som gjeld utskifting/oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg vert vurdert til ikkje å krevja dispensasjon frå LNF-føremålet.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering



Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 12.01.2015.

Reinseløysing

Reinsegrada tilfredsstillar krava til utsleppsstad i mindre følsamt område.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 102/6. Det ligg føre tinglyst avtale om plassering av anlegg på eigedomen datert 14.02.2015.

Drift og vedlikehald

Eigedomane skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga. Administrasjonen vurderer at slamtømming er mogleg innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.

Slamavskiljarar tilknytt bustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for bustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Området inst i Litlevågen er eit statleg sikra friluftsområde som er merka badeområde

VURDERING

Den omsøkte oppgraderinga av eksisterande avlaupsanlegg og vil gje ei god og oppdatert avlaupsløysing i samsvar med gjeldande krav i dag. Søknaden kan etter administrasjonen si vurdering godkjennast slik han ligg føre. Det vert sett vikår om at eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Godkjenning etter anna lovverk

Plassering av leidning i sjø krev løyve etter hamnelova. Naudsynt løyve frå Bergen og Omland Havnevesen må liggja føre før arbeidet tek til.

Det er gitt dispensasjon og løyve til tiltak etter pbl § 20-1 i eige vedtak datert 06.05.2015.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 102/79 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før avlaupet vert ført i tett, nedgraven leidning til sjø på 10 meter djupne.
2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
3. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

4. Egedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Tiltaket krev løyve etter hamnelova. Naudsynt løyve frå Bergen og Omland Havnevesen skal liggja føre før arbeidet tek til.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova medfører ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget, eller nokon del av det, kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med

avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe 70 % reduksjon der det i dag er eldre godkjend avlaupsanlegg	1	Kr 1 680,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 1 680,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/596

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen
Teknisk drift

Postboks 6040 5892

BERGEN